

# Demenskoordinator

og hukommelsesteam i Stad

## Informasjon

om støtte, råd og  
retteleing gjennom  
demenskoordinator og  
hukommelsesteam



**«Er du, eller nokon  
du er glad i, ramma  
av sviktande minne  
eller demens?»**

Vi er her for å hjelpe  
– tidleg i forløpet og vidare  
gjennom sjukdomsutviklinga».

# Kva er *demens* og kvifor er utgreiing viktig



Demens er ei fellesnemning for fleire kroniske sjukdomar som rammar hjernen. Sjukdomane utviklar seg over tid og kan føre til endringar i mellom anna:

- hukommelse
- språk
- konsentrasjon
- personlegdom og veremåte

Demens påverkar etter kvart evna til å fungere i dagleglivet.

## Mistanke om demens?

Dersom du opplever minnevanskar hos deg sjølv eller nokon nær deg, er det viktig å få dette undersøkt. Tidleg utgreiing kan gi:

- rett diagnose
- tryggleik for pasient og pårørande
- moglegheit for tidleg oppfølging og tilrettelegging

Utgreiing vert oftast gjort av fastlege i samarbeid med **hukommelsesteamet**, og i nokre tilfelle i spesialisthelsetenesta. Det er viktig å finne årsaka til symptoma, uavhengig av om dei skuldast demens eller annan sjukdom.

## Kva er ein demenskoordinator?

Demenskoordinator er utdanna sjukepleiar med vidareutdanning og erfaring innan demensomsorg. Rolla er å vere kontaktperson for personar med demens og deira pårørande.

### Demenskoordinator skal bidra til å:

- vere bindeledd mellom person med demens, pårørande og hjelpeapparatet
- leie og delta i hukommelsesteamet
- sikre systematisk og planmessig demensomsorg i kommunen

## Kva gjer ein demenskoordinator?

- gjev støtte, råd og rettleiing til personar med demens og pårørande
- har oversikt over kommunale tilbod og tenester
- samarbeider med kommunen sine tenester, spesialisthelsetenesta og frivillige
- arrangerer pårørandeskule
- er ein ressursperson for innbyggjarar og tilsette i kommunen

## Demenskoordinator i Stad kommune

**Hege-Anita Nesbø** er demenskoordinator i Stad kommune. Ho gjev hjelp og oppfølging i **alle fasar av sjukdommen**, både til den som er ramma og til pårørande.

Hege-Anita har kontor på **rådhuset på Eid**, og kan kontaktast på telefon og e-post.

Telefon: 949 74 130

E-post:

[hege-anita.nesbo@stad.kommune.no](mailto:hege-anita.nesbo@stad.kommune.no)



# Tenestetilbod i Stad kommune

## ● **Hukommelsesteam**

Stad kommune har eit **tverrfagleg hukommelsesteam** som bidreg med utgreiing og oppfølging. Teamet består av fagpersonar frå heimetenesta, institusjon og ergoterapitenesta.

Demenskoordinator er ein del av hukommelsesteamet.

## **Kva kan hukommelsesteamet hjelpe med?**

Hukommelsesteamet kan tilby:

- heimebesøk med samtale med pasient og pårørande
- kognitive testar og vurdering av funksjon
- råd og rettleiing
- oversikt over pleie- og omsorgstenester
- tilrettelegging i daglege aktivitetar, inkludert hjelpemiddel
- vidare oppfølging etter behov

Vi samarbeider med fastlege, eldre medisinsk poliklinikk og andre aktuelle fagmiljø. **Tilvising** kan kome frå fastlege, helsepersonell, pasient sjølv eller pårørande.

## ● **Pårørandeskule**

Hukommelsesteamet arrangerer **pårørandeskule** for pårørande til personar med demens. Kurset gir:

- kunnskap om demens
- støtte i møte med praktiske og kjenslemessige utfordringar
- moglegheit til å møte andre i same situasjon

Kurset går over **fire kveldar à ca. tre timar**, og inneheld faglege forelesingar og gruppesamtalar. Kurset blir gjennomført årleg på hausten. Informasjon om kurs vert annonsert på **kommunen sine nettsider**.